



Arkivnr: 2014/18536-3

Saksbehandlar: Kjersti Kvaløy

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		16.09.2014
Fylkesutvalet		24.09.2014

Høyring om etablering av formgjeving som eige studieførebuande utdanningsprogram

Samandrag

Utdanningsdirektoratet sendte 15. mai ut ei høyring om etablering av formgjeving som eige studieførebuande utdanningsprogram. Utdanningsdirektoratet vil kome attende til når eventuelle endringar skal gjelde frå. Frist for høyringsuttale til Utdanningsdirektoratet frå Hordaland fylkeskommune er sett til 26. september 2014.

Høyringsprosessen har vore organisert gjennom fagutvalet for formgjevingsfag (FAU) som har gitt uttale på høyringsbrevet. Alle andre skular har òg vorte inviterte til å gje sine innspel på høyringa.

FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fag- og timefordelinga i det eksisterande programområdet for formgjevingsfag bør behaldast i det nye, studieførebuande tilbodet. Denne fag- og timefordelinga vil gje elevane både generell studiekompetanse og ei fagleg fordjuping som mellom anna gjer det mogleg for elevane å kvalifisera seg til høgare arkitekt- og designstudium med spesifikke fagkrav.
2. Dei felles programfaga *Visuelle kunstoffag 1, 2 og 3* og *Design og arkitektur 1, 2 og 3* i det eksisterande programområdet for formgjevingsfag bør behaldast i det nye, studieførebuande tilbodet. Dei dekkjer det faglege innhaldet som skal vektleggjast.
3. *Film* og eit *fordjupingsemne på Vg3* bør opprettast som nye, valfrie programfag i det nye studieførebuande tilbodet.
4. Namn på det nye, studieførebuande tilbodet bør vere *Utdanningsprogram for kunst, design og arkitektur*. Namneforslaget synleggjer på ein god måte hovudområda i utdanningsprogrammet og viser at dette er ein veg inn i høgare kunst-, arkitekt og designstudium.

Forslaga vil ikkje føre til auka økonomiske og administrative konsekvensar for skuleeigar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.
Fylkesrådmannen, 27.08.2014

Heile høyringa finn ein her: <http://www.udir.no/Regelverk/Horinger/Saker-ute-pa-horing/Horing-om-etablering-av-formgiving-som-eget-studieforbereidene-utdanningsprogram/>

1) Bakgrunn

I samband med behandlinga av St. meld. 20 (2012-2013) *På rett vei* vart det vedteke å etablere formgjeving som eige studieførebuande utdanningsprogram. Intensjonen med etableringa er å betre rekrutteringa til faget. På landsbasis og i fylket har talet på søkjarar vorte halvert frå Reform 94 til skuleåret 2012-2013 (Meld. St. 20 (2012-2013)). I følge evalueringa av Kunnskapsløftet er ei viktig årsak til nedgangen i søkjartalet at formgjevingsfaget som programområde innan studiespesialiserande utdanningsprogram er vorte gøymt som programområde blant meir tradisjonelle akademiske fag.

2) Forslag til fag- og timestfordeling

Utdanningsdirektoratet foreslår å behalde den fag- og timestfordelinga dagens utdanningsprogram for studiespesialisering, programområde for formgjevingsfag, har. Ho byggjer på den fag- og timestfordelinga utdanningsprogram for musikk, dans og drama og utdanningsprogram for idrettsfag har. Den foreslåtte fag- og timestfordelinga vil gje elevane både generell studiekompetanse og ei fagleg fordjuping, slik det eksisterande tilbodet for formgjevingsfag gjev. I tillegg vert det i forslaget til fag- og timestfordeling lagt til rette for at elevane skal kunne kvalifisera seg til inntak til høgare arkitekt- og designstudium med spesifikke fagkrav (spesiell studiekompetanse).

Kommentar

Fylkesrådmannen støttar forslaget om å vidareføre fag- og timestfordelinga i dagens utdanningsprogram for studiespesialiserande, programområde for formgjevingsfag, i det nye studieførebuande utdanningsprogrammet.

3) Felles programfag i tilbodet

Visuelle kunstoffag 1, 2 og 3 og *Design og arkitektur 1, 2 og 3* utgjer dei felles programfaga i det eksisterande programområdet for formgjevingsfag. Utdanningsdirektoratet ber om innspel på om desse felles programfaga dekkjer det faglege innhaldet som skal vektleggjast i det nye tilbodet, eller om det er behov for endringar i dei felles programfaga.

Kommentar

Fylkesrådmannen meiner dagens programfag, *Visuelle kunstoffag 1, 2 og 3* og *Design og arkitektur 1, 2 og 3*, dekkjer det faglege innhaldet som skal vektleggjast i den nye tilbodet. I samband med etableringa av eit eige studieførebuande utdanningsprogram er det likevel trong for ein gjennomgang av kompetansemåla i programfaga. Dette byggjer til dels på at det er overlappande mål mellom ulike programfag (til dømes Trykk og Foto og Design og Arkitektur 2 når det gjeld fagområdet *trykk*) og til dels på tilfeldig og uryddig presentasjon og fordeling mellom programfaga av mål knytt til sentrale fagområde som til dømes *komposisjon*.

4) Valfrie programfag i tilbodet

I det eksisterande tilbodet innan formgjevingsfag er det fire ulike valfrie programfag. Dette er noko færre enn i dei andre studieførebuande utdanningsprogramma. Høyringspartane vert difor oppmoda om å foreslå nye valfrie programfag med omfang 140 timar.

Kommentar

Fylkesrådmannen er atterhalden med å foreslå mange nye valfrie programfag. Dette er grunna faren for at dei relativt få elevane som vel utdanningsprogrammet, vert veldig spreidde. Samstundes ser fylkesrådmannen at det kan vere positivt om elevane får noko fleire val. Fylkesrådmannen foreslår to nye valfrie programfag; *fordjupingsemne på Vg3* og *film*.

Fordjupingsemne på Vg3: Ein måte til å halde elevgruppa samla samstundes som dei får fleire val utan at det må opprettast mange nye, valfrie programfag, er å opprette eit fordjupingsemne på VG3 der elevane får velje fagleg område etter eige ynskje. Det faglege området må vere læreplanmål frå eitt av programfaga innan utdanningsprogrammet. Emnet kan gje elevane høve til ei spesialisering innan faget sitt på linje med elevar på utdanningsprogramma idrettsfag og musikk, dans og drama, samt gje høve til å førebu opptaksprøve til høgare arkitekt- og designstudiar.

Film som valfritt programfag: Film er ikkje nemnd blant kompetansemåla for dagens formgjevingsfag. Som ei viktig uttrykksform i alle kreative fagfelt, bør elevane på formgjevingsfag ha moglegheit til fordjuping innan området. Fokus i faget film vil vere teori og praksis innan film og filmproduksjon. Elevane får planleggje, redigere og publisere eigne filmsnuttar.

5) Endring av namn på tilbodet

Dagens namn på tilbodet, utdanningsprogram for studiespesialiserande, programområde for formgjevingsfag, er langt, og det synleggjer ikkje på ein god måte det faglege innhaldet i programområdet. «Formgjeving» er kanskje heller ikkje fengjande nok for ungdom. Høyringspartane vert oppmoda om å foreslå namn på det nye tilbodet som på ein god måte vil synleggjere tilbodet og den faglege retninga.

Kommentar

Fylkesrådmannen støttar at namnet på det nye studieførebuande utdanningsprogrammet bør endrast for betre å synleggjere det faglege innhaldet i programområdet. Det nye namnet bør løfte fram sentrale fagområde i læreplanane og samstundes synleggjere at dette er ein veg inn i høgare kunst-, arkitekt- og designstudiar.

Fylkesrådmannen foreslår at nytt namn blir *Utdanningsprogram for kunst, design og arkitektur*.

I læreplanen er programområdet delt i 1) Visuelle kunstoffag og 2) Design og arkitektur. Namneforslaget synleggjer difor på ein god måte hovudområda i utdanningsprogrammet.

6) Andre kommentarar

Klassestorleik: Med innføring av Kunnskapsløftet vart formgjevingsfag flytta ut av den yrkesfaglege strukturen og lagt inn som ein del av det nye utdanningsprogrammet for studiespesialisering. Denne flyttinga innebar ein auke i klassestorleiken frå 16 til 30 elevar. Erfaringa med klassestorleik på 30 elevar er at dette er for mange elevar i ei klasse når programområdet inneber verkstadarbeid og mykje individuell oppfølging.

Vurdering i faget: Sluttvurderingsordninga i dagens formgjevingsfag er 1 dag praktisk skuleeksamen. I forkant har elevane 2 dagar til førebuing. Ordninga tener ikkje eigenarten til faget. Enkelte læreplanmål kan ikkje prøvast ut innan dagens knappe rammer. Fylkesrådmannen foreslår at sluttvurderingsordninga blir 3 dagars praktisk eksamen på skulen utan tid til førebuing i forkant.